

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Bergen, 2.6.2015

Høringsuttalelse om Nørlandselva i Masfjorden kommune, Hordaland

Samandrag

Nordkraft Vind og Småkraft AS har søkt om konsesjon til å bygge ut Nørlandselva i Masfjorden kommune til kraftproduksjon, ved å utnytte fallet i elva til Masfjorden. Naturvernforbundet i Hordaland (NVH) er sterkt kritisk til dette. Utbygginga vil medføre nær tørrlegging av øvre delen av elva, med konsekvensar for truga naturtypar. Den medfører også store landskapsmessige skader på fjordlandskapet ved Masfjorden.

Generelt om tiltaket og konsekvensar

Utbygginga vil nytta ut fallet i Nørlandselva frå kote 135 og ned til sjøen, der vatnet vil bli lagt i ei nedgrave røyrgate på ein strekning på 1850 meter. Heile den tørrlagde strekninga blir på omlag 1800 meter ved begge alternativet, nord for elva (alt. 2) og sør for elva (alt. 1).

Hydrologi

Det er planlagt ei minstevassføring på 190 l/s om sommaren og 70 l/s om vinteren. Dette er ca 10% og 4% av middelvassføringa, som er 1880 l/s. Dette betyr at i tørrår vil elva ha minstevassføring heile året bortsett frå ca. 25 dagar i vinterhalvåret (okt-feb). I dag er denne perioden 7 månader. Den kritiske perioden er på ettersommaren (aug-sep).

Kraftverket vil ha ein gjennomsnittleg årsproduksjon på 12.6 GwH (4.9 MW).

Biologisk mangfald

Under synfaringa 27.6.2014 blei det ikkje funne forekomstar av den raudlista laven *Stereocaulon deliesi*, men av to slektningar, *S. vesuvium* og *S. dactophyllum*. Men det er observert *S. deliesi* i Meisdalen, ein sidedal til Nørlandsdalen, og «det kan ikke utelukkes at arten finnes langs elva da den er forholdsviss liten og lett å overse i felt.» Her bør føre var-prinsippet leggast til grunn (Naturmangfaldlova §8).

Det er registrert to forekomstar av den truga naturtypen hagemark (lokalt viktig) og ein fossesprøytzone (viktig) langs elva i øvre delen. I fagrapporten blir det opplyst at fossesprøytsona er av typen fosseberg, som har status nær truga (NT), mens hagemarka har status sårbar (VU)

I fossesprøytsona mellom Storavatnet og Kleivatnet fins det også forekomst av den truga arten hinnebregne (*Hymenophyllum peltatum*) på berghyller. Lenger nede langs elva fins ein rik mosevegetasjon, til dels av sjeldne fuktighetskrevande artar, med potensiale for raudlisteartar, langs elva. Både alt. 1 og 2 går gjennom hagemark ved Kleivatnet, der den eine lokaliteten ligg på sørsida og den andre lokaliteten på nordsida av vatnet. Elles går røyrgata gjennom vanlege naturtypar, for det meste svartorskog og granplantefelt. Rapporten bygger mest på tidlegare rapportar (Ihlen 2010, Nordvik 2008). Heller ikkje ved Storavatnet fins det spesielt verneverdige naturtypar.

Fossefall og oter er registrert av Nordvik (2008), men er elles ikkje nemnt i fagrapporten, dette er merkeleg og svekker tilliten til rapporten, sidan begge desse er truga artar som er avhengige av vatn. Oteren er heilt avhengig av fisk, og både i Storavatnet og Nørlandselva fins det småaksen aure. Det er ikkje verdert korleis ei tørrlegging av elva vil slå ut for oterbestanden i Storavatnet og for fossefall-bestanden i Nørlandselva. Her burde også føre var-prinsippet vore anvendt.

Landskap og samla belastning

Masfjorden kommune er frå før hardt belasta med kraftverk, både store og små. I nærområdet til Nørlandselva fins det til saman 16 kraftverk over 1 MW med 321.6 MW effekt, tre av dei er større kraftverk (>10 MW). Nørlandselva får dermed stor verdi som typevassdrag for fjordlandskapet i Nordhordland. Rapporten seier då og at «*Nørlandselva og de tilhørende stryk/fossepartiene ned mot fjorden er et sentralt landskapselement i dette området.*», noko som og går fram av bildet på Figur 3-4 i søknaden. Fossestryket ned mot fjorden gjennom kulturlandskapet er godt synleg frå sjøen.

Dei andre kraftverka i nærområdet til Nørlandselva som er utbygd, gitt konsesjon eller søkt utbygd, er følgjande:

Svartedalen kraft	7.5 MW	Utbygd
Blådalselva	2.7 «	«
Kjetland	1.5 «	«
Matre H	96.0 «	«
Matre M	150.0 «	«
Hummelfoss	2.8 «	«
Vemundsbotn	40.0 «	«
Dyrkollbotn	2.7 «	Gitt konsesjon
Nottveit	3.6 «	«
Daelva	1.7 «	«
Sulelva	3.2 «	Søknad
Fossdalen	2.7 «	«
Strandaelva	2.2 «	«
Sandnes	2.3 «	«
Rauneelva	1.7 «	«
Meisdalen	1.0 «	«
Sum	<u>321.6 MW</u>	

Konklusjon

På grunn av det manglande kunnskapsgrunnlaget og det faktum at den omsøkte utbygginga vil påverka eit rikt biologisk mangfald i influensområdet, med blant anna ein raudlista fugleart (fossekall), i tillegg til ein raudlista dyreart (oter) og potensiale for raudlista moseartar, trengs det eit grundigare feltarbeid i området, på eit meir passende tidspunkt. Ei synfaring som berre strekker seg over ein dag, er uakseptabelt. Det kunnskapsgrunnlaget vi har i dag, står ikkje i eit rimeleg forhold til den risikoen for skade på naturmangfaldet som utbygginga representerer, og oppfyller dermed ikkje §8 og §9 i Naturmangfaldlova om føre var prinsippet og kravet om kunnskapsbasert forvaltning. Utbygginga grip også inn i to verneverdige naturtypar. Av desse grunnar og fordi vassdraget representerer landskapsmessige kvaliteter som ikkje fins i dei utbygde vassdraga i Masfjorden, går Naturvernforbundet Hordaland mot utbygging av Nørlandselva.

Siri Haugum
leiar

Oddvar Skre
saksbehandlar